

**Fra:** Siril Therese Sylta  
**Sendt:** tirsdag 20. april 2021 13:42  
**Til:** Eirik Berntsen  
**Emne:** VS: Varsel om ulovleg bygging nært og over nabogrense (på vegne av grunneigar) Gjeld gbnr 314/6 og gbnr 314/19

Hei.

Eg vidaresender denne til deg.

Mvh Siril

---

**Frå:** Stian Marøy <[stian.maroy@alver.kommune.no](mailto:stian.maroy@alver.kommune.no)>  
**Send:** tirsdag 20. april 2021 13:05  
**Til:** Siril Therese Sylta <[siril.therese.sylta@alver.kommune.no](mailto:siril.therese.sylta@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Varsel om ulovleg bygging nært og over nabogrense (på vegne av grunneigar) Gjeld gbnr 314/6 og gbnr 314/19

Hei Siril

Du er vel fungerande avdelingsleiar for miljø og tilsyn til han nye trer i kraft, så eg sender denne til deg.

Eg fekk ein tlf frå Henning Wilhelmsen som er eigar av eigedom gbnr 314/6 på Holsnøy. Han tok kontakt angående ei tidlegare sak i Meland kommune mellom eigedom gbnr 314/6 og gbnr 314/19 (Melandsvegen 174).

Sånn eg forstår det har det vorte bygd både bygg og terrassar som går over grensa mellom partane. Saka har vore i tingretten og hos Meland kommune. Han fortalte at dommen bestemte at eigar av gbnr 314/19 enten måtte riva det som gjekk for nært og over grensa, eller så måtte det gjerast ei arealoverføring. Wilhelmsen gjekk med på å selja delar av gbnr 314/6, men kjøpar kom aldri med avtalt betaling og arealoverføringa vart derfor ikkje gjennomført.

Nå har det gått fleire år utan at avtalen har vorte betalt og signert og Henning ynskjer difor at det som gbnr 314/19 har gjort ulovleg for nært og over grensa til gbnr 314/6 vert fjerna.

Wilhelmsen sendte meg eit bilete av ei oppmålings sak i gamle Meland med saksnummer 14/2360 som av grunnen over aldri vart slutført.



Meland kommune

Henning Wilhelmsen  
Røysetvegen 92  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2360 - 16/21652

Saksbehandlar:  
Per Atle Sæle  
per.atle.sale@meland.kommune.no

14.11.2016

## Oppmålingssak gnr 14 bnr 6 - Arealoverføring frå 14/6 til 14/19 - Protokoll frå oppmålingsforretning

Vedlagt følgjer protokoll frå oppmålingsforretninga som vart halde 10.11.2016.

Før kommunen kan senda melding til tinglysing, må det ordnast med pantefråfall av arealet som skal overførast. I tillegg må Weboppgjør AS godkjenna arealoverføringa. Partane må også fylla ut skjema «Erklæring om arealoverføring» i to eksemplar og returnera hertil.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Per Atle Sæle  
avdelingsingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

201619547-Protokoll  
201619547Kartvedlegg



Eg lovde at eg skulle bringa saka vidare til og gje han ei tilbakemeld om kva kommunen kan gjera.

Mvh

Stian Marøy  
Prosjektleder

**Alver kommune**

Havnevegen 41 A, 5918 Frekhaug

Tlf.dir: 56 34 90 51

E-post: [stian.maroy@alver.kommune.no](mailto:stian.maroy@alver.kommune.no)

